



Atle Nordanger
Nordbøvegen 34
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1654 - 17/6886

Saksbehandlar:
Jill Kristin Grindheim Bøe
jill-kristin.boe@radoy.kommune.no

Dato:
24.05.2017

Referat frå møtet i foreldreutvalet (FAU) 23.05.17

Desse møtte:

Gro Håland, Britt Iren Låstad, Christin Vågenes, Atle Nordanger, Synnøve Ramsvik og Ståle Villanger.

1. Gjennomgang av førre møtereferat, samt status sidan sist.
 - a) Skulekyss for born i området Sætre/ Grindheim/ Helland.
Status: Rektor har kontakta Skyss, mtp ruteomlegging. Forslaget er tatt vidare internt i Skyss, der dei skal sjå på rektor sitt innspel/ forslag til omlegging.
 - b) Vakter ute i friminutta- tilstrekkeleg?
Status: Rektor informerte om at me har tilstrekkeleg med vakter ute. Ser saka som avslutta.
 - c) Utvikling av uteområdet.
Status: Nytt gjerde på fotballbana er på plass. Nye utebenkar er på plass. Nye uteleikar er kjøpt inn, etter innspel frå elevrådet. Rektor vil alltid har fokus på å vidareutvikle uteområdet.
 - d) Oppmøte i FAU- møta er ikkje alltid bra.
Status: Ingen forbetring. Viktig at ein kallar inn vara tidleg om ein sjølv ikkje har høve til å møte.
 - e) Skap/ hyller i garderobane ikkje tilstrekkeleg
Status: Me har fokus på orden og ryddigheit og ser stor forbetring her. Vil sjå på korleis me evt kan løyse det med meir hyller og skap i sumarferien.
 - f) Parkeringstilhøva ved skulen- tilstrekkeleg?
Status: Rektor oppmodar til at dei eldste elevane som bur i nærområdet, går til og frå skulen, samt at rundkøyringa ikkje vert nytta som ein parkeringsplass. Rektor informerte om at det kjem fotgjengarovergang frå skulen og over til byggefeltet.

2. Gjennomgang, bemanning komande skuleår. Alle kontaktlærarane er på plass til neste år.
3. Rektor informerte om korleis me på Hordabø har fokus på "tidleg innsats". Me styrker dei yngste trinna med økt bemanning, intensive lesekurs osv, samt at me har fokus på å fange opp elevar som slit med grunnleggjande ferdigheiter tidleg og følgje opp desse elevane raskt.
4. Skulemiljø, rektor informerte
 - a) Det fysiske miljøet ved skulen: Har ikkje kunna nytta kjøkkenet pga støy frå ventilasjon. Er no utbetra, og neste års 6.klasse vil nytte dette rommet til kl. rom det komande skuleåret.
Me har fått nytt gjerde, benkar og leikar.
 - b) Det psykososiale miljøet ved skulen: Me har fokus på dette kvar dag- heile tida. Alle skal ha det bra på skulen. Me har Zero- samlingar, elevsamtalar, foreldresamtalar, ulike antimobbeprogram . Rektor ynskjer å ta tak i denne typen utfordringar med ein gong! Viktig med tett og god dialog heim-skule.
Lærarane er forplikta å informere retor med ein gong dei har mistanke om mobbing.
5. Oppsummering av skuleåret 2016/ 17:
Hordabø skule er ein god stad å vere, både for elevar og tilsette. Me har gode resultat på elev- og foreldreundersøkinga. Me har utvikla uteområde. Me har fått gjennomslag for fotgjengarovergang skule- byggefelt. Me har hatt intensive lesekurs, som har auka lesefarten og leseforståinga til dei aktuelle elevane. Me har hatt "Ungt entreprenørskap" (smart camp og vårt lokalsamfunn) som har vore svært lærerikt for elevane. 4. klasse deltok på strandryddedagen. Me har gjennomført brannøving på ein eksemplarisk måte. Me har hatt branntilsyn med utelukkande berre positive tilbakemeldingar.

Referent: Ståle Villanger

Med helsing

Ståle Villanger
rektor Hordabø skule

Jill Kristin Grindheim Bøe
sekretær Hordabø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Christin Vågenes	Vågenesvegen 120	5936	MANGER
Gro Håland	Rossnesvegen 21	5937	BØVÅGEN
Synnøve Ramsvik	Bøtjørnvegen 52	5937	BØVÅGEN

Mottakarar:

Atle Nordanger	Nordbøvegen 34	5937	BØVÅGEN
Bjarte Rosenlund	Bøtjørnvegen 104	5937	BØVÅGEN
Britt Iren Låstad Myking	Bøtjørnvegen 112	5937	BØVÅGEN
Eirin Misje	Skjenet 37	5936	MANGER
Knut Magnus Haugland	Listveitvegen 51	5937	BØVÅGEN
Miriam Helland	Bøvågen 51 A	5937	BØVÅGEN
Tormod Grindheim	Postboks 74	5936	MANGER